



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	01.02.2024
Møtetid:	09:00 - -15:30
Møtestad:	Sanitetshuset, Litlås, Sanitetshuset, Litlås

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Hege Ramsland	MEDL	H
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes		INP	Vara for Hege Ramsland
Reidar Øksnes		SP	Vara for Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør

Bjarte Rosenlund

kommunalsjef

Odd Harald Dommersnes

økonomi- og HR sjef

Asbjørn Nagell Toft

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Rolf Henning Myrmel

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 1/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/2024	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 3/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet 27.11.2023	
PS 4/2024	Referat og meldingar	
RS 1/2024	Delegerte vedtak 20.11.23 - 25.01.24	
RS 2/2024	Orientering om Skyss - årlige ruteendring i 2024	
RS 3/2024	IUA Bergen region - Protokoll fra styremøte 12. desember 2023	
RS 4/2024	Samordning av planlagt statleg tilsyn med kommunane for 2024	
OS 1/2024	Orienteringssak	
OS 2/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 1.2.2024	
PS 5/2024	Klagehandsaming igangsettingsløyve - gbnr 157/60 - Bergsvik - Buholmen - Naust	
PS 6/2024	Godkjenning av ei mindre vesentleg planendring for detaljregulering Søre Neset, planid. 2005003	
PS 7/2024	Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002- Andre gongs offentleg ettersyn	
PS 8/2024	Søknad om dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr. 160/56 - Lamholmen på Rebnor	
PS 9/2024	Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune - Offentleg ettersyn	
PS 10/2024	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune	
PS 11/2024	Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning	

PS 12/2024

KS - debattheft 2024 - Rom for gode tenester -
Høyringsvar frå Austrheim kommune

PS 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ordførar Morten Sognnes ba om at formannskapet diskuterte Austrheim kommunale eige-domsselskap (AKE) etter at sakene var handsama. Dette fekk støtte av formannskapet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 2/2024 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Møtereferat frå 27. november vart godkjent.

PS 3/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet
27.11.2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 27.11.23 vert godkjent

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 3/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet 27.11.2023:

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 3/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet 27.11.2023:

Møteprotokoll frå møte 27.11.23 vert godkjent

PS 4/2024 Referat og meldingar

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 4/2024 Referat og meldingar:

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 4/2024 Referat og meldingar:

Referat og meldingar vart teke til vitande.

RS 1/2024 Delegerte vedtak 20.11.23 - 25.01.24

RS 2/2024 Orientering om Skyss - årlige ruteendring i 2024

RS 3/2024 IUA Bergen region - Protokoll fra styremøte 12. desember 2023

RS 4/2024 Samordning av planlagt statleg tilsyn med kommunane for 2024

OS 1/2024 Orienteringssak

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 1/2024 Orienteringssak:

Steffen Oliver Sæle, CTO i Norsk Kjernekraft, orienterte om planane deira for små modulære kjernekraftverk.

Presentasjonen er tilgjengeleg saman med dokumenta for møtet i formannskapet 1. februar 2024.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 1/2024 Orienteringssak:

Orienteringa vart teke til vitande.

OS 2/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 1.2.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitende.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 2/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 1.2.2024:

Prosjektansvarleg Rolf Henning Myrmel orienterte om status investeringar.

Nordlihøgda omsorgsbustader:

- Ligg 1-2 veker framfor planen, ferdig til nyttår.
- Jobbar vidare med skjerming mot naboar.

Vatn og avlaup, vassleidning:

- Ser på ei løysing for vatn frå gamle kommunehuset og til høgdebassenget. Ser dette opp mot at det er vedteke å prioritera vatn til Førland, og vil heller enn å grava frå kommunehuset til høgdebassenget gå med ein ny leidning til kyrkja på Austrheim, og knytta denne til leidningsnett på Heiane-feltet. Slik kan ein få ringleidning til Austrheim kyrkje, om Heiane-feltet og tilbake til høgdebassenget på Årås. Betre løysing enn berre å grava nytt frå gamle kommunehuset til høgdebassenget.
- Ser om ein kan få fylket med på gangveg når det skal lagast vassleidning, men det ikkje heile strekket som er regulert. Om ein ikkje lagar gangveg no, må ein leggja vassleidningen lengre frå slik at det ikkje vert vanskar seinare.
- Per Lerøy (Ap) sa at det er mange som går tur langs vegen frå Austrheim mot Førland, bra om ein hadde fått gangveg der.

Vatn og avlaup, kloakkpumpestasjon:

- Jobbar med ny avtale med Kystlandsbyen for å få på plass kloakkpumpestasjon i samarbeid med dei. Vil løysa ut at de kan byggast nye bustader og anna.

Hoplandskverna:

- Prosjektet ligg på vent

Skulane:

- Avslutta innanfor budsjett

Gangveg Åråsvågen til Åråsfeltet:

- Hadde midlar til fast dekke innanfor ramma på prosjektet, grusdekke kunne lett vaskast vekk. Måtte venta med asfalt pga. kulde, sagt no at det kjem i februar. Har lagt inn nytt rekkverk også i prosjektet, for å hindra at ein bil skli av vegen og endar i gangvegen. Gode tilbakemeldingar frå andre grunneigarar som ein har kryssa med gangvegen.

Gangveg Nordlibrekka:

- Ferdig. Overskriding på budsjett, skuldast ekstra krav frå Vestland fylkeskommune, samt at det låg ein brønn der som måtte fyllast i med stein.

Næringstomt Mongstad:

- Er i del av andre del av prosjektet, skal skyta ned høgde og planera. Har selt deler av arealet, resten er på sal snart. Har utfordringar med VA som ligg i gangvegen mellom riksvegen og denne tomte. Det har vore setningar her, det gjer at kloakkleidningen ikkje har rett fall. Viser seg at det ligg to 60 cm røyr under vegen som ein kanskje kan ta i bruk for å kryssa med kloakkleidning, ser på fall og anna. Alternativt må ein grava opp leidningen på lengre strekk for å få fall, eller bruka pumpe for å få gjennomstrøyming.

Naust Baløy:

- Er levert DNT. Står att parkering og oppmerking, ventar på avtale med båtlaget. Det er kommunen sin grunn.

Veglys Hopland:

- Ventar på Eviny for å sjå om det kan gjerast noko med å fjerna dagens stolpar og leggja ned kablar og berre ha lysstolpar og ikkje straum i stolpar.

Ambulansestasjonen:

- Ser det i samanheng med ev. nytt helsehus

Garderobe Kaland barnehage:

- Det er sett av 3 millionar kroner, arbeidet har oppstart no.

Symjebasseng Kaland:

- Er ein del avklaringar å gjera før ein startar på noko her

Oppsummert: For det er som er avslutta er alt OK innanfor budsjett utanom gangveg Nordlibrekka.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om førebels rekneskap:

- Gjekk gjennom gjeldsrapporten per nyttår.
- Tok opp at det er etterslep på bruk av løyvde midlar VA. Her sa Per Lerøy (Ap) at det er viktig å få ut desse jobbane no som er det er vanskar innan anleggsbransjen, få det ut på anbod og få det i sving!
- Reidar Øksnes spurte kva det heng på, om det er Kystlandsbyen og anna. Om Kystlandsbyen svarta Bjarte Rosenlund at det skal tas ein gjennomgang av heile avtalen mellom kommunen og dei om felles kloakpumppestasjon og anna.

- Inntektsjusteringa gjer at Austrheim vart trekt 20 millionar i 2023.
- Per Lerøy kommenterte at med tre slike gode skatteår på rad så ryk små kommunetilskotet, og at kommuneopprøret for skatteinngang kan bety tap for Austrheim.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om ulike saker:

Skaden på bassenget på Kaland:

- Det er ikkje lekkasje utanfrå, men kondensering oppunder taket i samband med tetting og etterisolering. Før var det veldig luftig, då forsvann dette av seg sjølv.
- Det kan verta ei utfordring at ein må løfta taket og gjera noko med ventilasjon med meir.
- Kommunalsjef Trine Merete Jansen sa at symjeopplæringa skjer på Fedje inntil vidare.

Enøk-arbeid:

- Ser at det løner seg mest å gje betre opplæring og bruk av SD-anlegg. Solceller er det siste ein skal ta fatt i.

VA-amnestiet:

- Hus og hytter, jobbar med det enno, neste runden vert på naust og liknande.
- Frå hus og hytter kjem det no inn 700.000 i tilknytingsavgifter og 300.000 i årlege avgifter etter avgiftsamnestiet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om ulike saker:

Aufera-kjøring:

- Har tatt med i generelt anbod at kommunen leasar ein bil der kommunen tar kostnaden og Aufera tar kjøringa. Tar sikte på at det skal tre i kraft frå 1. mars 2024. Kjøring tre gonger i veka som no.

Pågåande prosjekt organisering/status organisasjon:

- Jobbar med justeringar for å sikra effektiv drift og tydeleggjera linjer og ansvar i organisasjonen.
- Kommunepsykologen sluttar til 1. mars. Må sjå på alternative løysingar med kommunepsykolog, digital psykolog som mellombels løysing? Samarbeid med andre kommunar er aktuelt, Masfjorden og Gulen har også vanskar med å rekruttera til denne stillinga.
- Begge fysioterapeutane er frå 1. februar privatpraktiserande med driftsavtale med kommunen. Lyser etter kommunal fysioterapeut for å dekkja dei kommunale oppgåvene, dei privatpraktiserande dekkjer desse oppgåvene enn så lenge.
- Jobbar med arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune.

Samfunnsplanen:

- Skal i planforum med Statsfotvaltar og fylke og SVV på tysdag 6. februar, det er eit fellesmøte med alle instansar hjå desse. Vil ta med seg planen for Øksnesmarka og andre planar som er aktuelle no.
- Jobbar med kunnskapsgrunnlaget for samfunnsplanen, skal ut med ei innbyggjarhøyring til alle innbyggjarane i Austrheim for å få innspel.

Legevaktsamarbeidet:

- Har avtale med Alver om at dagens legevakt dekker også den omtala halvtimen frå 15.30 til 16.00. Mogleg det vil kosta litt, men det ville ha kosta meir om kommunen sine eige legar skulle dekkja denne halvtimen.

Status for verbalpunkt i budsjettvedtaket i desember 2023:

- Omsorgsbustader med livsløpsstandard, gjennomførast av AKE. Er i kontakt med Husbanken om tilvisingsavtale og ordningar rundt det. Ser at det er behov for bustader til eldre, og har innbyggjarundersøking ute no. Om ein kan få til dette, kan det frigjera bustader til yngre familiar som ønskjer å busetja seg i kommunen.
- Ser på flytting av arbeidssenteret til Kaland, tar ei Ros-analyse på det no.

Tilsyn 2024 av statlege mynde

- Tilsyn med kommunen si forsøplingsmynde etter paragraf 28.
- Tilsyn med etterleving av kommunal beredskapsplikt.
- Tilsyn med etterleving av lærarnorma.
- Tilsyn med folkehelsearbeidet.

Orientering om aktuell saker:

- Oljelekkasje Leirvågen i januar, på industriområdet, har hatt lenser ute i vassdraget. Is i dieselen har frostsprengt røyr og det har loke ut. Er eit utslepp på mellom 500 og 1000 liter.
- Rapport om nytt helse og omsorgstun kjem seinare, kanskje til kommunestyret 15/2.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om busetting av flyktningar:

- Austrheim kommune har fram til årsskiftet busett 38 noverande buande frå Ukraina. Vedtak i kommunestyret om 35 nye i 2024, 2 av desse er busette. Jobbar med bustader, har utfordringar med å skaffa rett type. Har tilgang på ein del større hus med mange soverom, kostbart om det er einslege som skal busettast der. Har førespurnader om busettingar med helseutfordringar og liknande, ser på kva som er mogleg.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 2/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 1.2.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitende.

PS 5/2024 Klagehandsaming igangsettingsløyve - gbnr 157/60 - Bergsvik - Buholmen - Naust

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 5/2024 Klagehandsaming igangsettingsløyve - gbnr 157/60 - Bergsvik - Buholmen - Naust:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Vegen V3 er bygd tidlegare, er nok litt breiare enn på kartet i reguleringsplanen, men skal vera ein veg på om lag tre meter.
- Vist til klager som har komme inn frå Espen Pedersen, Anette Bergsvik og Ivar Bergsvik.
- Refererte det som vart teke opp på synfaringa 1. februar, at vegg/møne kan komma så tett på vegen at det blir trongt, eller at det vert skader på slamavskiljar og anna infrastruktur som ligg under vegen.
- Avdelingsleiar Toft sa at administrasjonen har vurdert at vegen skal fungera slik den ligg i dag, men det er opp til formannskapet som kan setja inn vilkår.
- Ann Kristin Leirvåg (Ap) spurte kva som skjer dersom slamavskiljaren vert skada i ettertid, Toft svara at det er privatrettsleg.
- Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje skal vera problematisk om det vert bygd slik det ligg i saka.
- Reidar Øksnes (Sp) sa at ingen taper på av vegen vert breiare og tilkomsten betre for alle partar. Om det eine naustet kan trekkjast ein meter lengre fram, evt. kan dette eine naustet byggast litt mindre. Dette med betre tilkomst er noko begge partar kan vinna på. Innstilt på å følgja administrasjonen
- Morten Sognnes (H): Meiner vegen skal vera brei nok.
- Per Lerøy (Ap) sa at om naustet vert bygd med takutstikk som dei andre skal det vera OK med plass.

- Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at saka går vidare til Statsforvaltar for endeleg avgjerd.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 5/2024 Klagehandsaming igangsettingsløyve - gbnr 157/60 - Bergsvik - Buholmen - Naust:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

PS 6/2024 Godkjenning av ei mindre vesentleg planendring for detaljregulering Søre Neset, planid. 2005003

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner ei mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for Søre Neset, planid. 2005003. Ny reguleringsføresegn er datert den 01.02.2024.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 12-12 og 12-14.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 6/2024 Godkjenning av ei mindre vesentleg planendring for detaljregulering Søre Neset, planid. 2005003:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Det har komme innspel frå fylkeskommunen, det viktige er å sikra friskt ved eksisterande kryss.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 6/2024 Godkjenning av ei mindre vesentleg planendring for detaljregulering Søre Neset, planid. 2005003:

Formannskapet godkjenner ei mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for Søre Neset, planid. 2005003. Ny reguleringsføresegn er datert den 01.02.2024.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 12-12 og 12-14.

PS 7/2024 Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002- Andre gongs offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sender Planendring for hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117, planid. 2022002 til andre gongs offentleg ettersyn. Plankart er datert den 12.01.2024. Planomtale og føresegner er datert den 20.11.2023 og illustrasjonsplan den 06.11.2023.

Grunngjevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 7/2024 Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002- Andre gongs offentleg ettersyn:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 7/2024 Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002- Andre gongs offentleg ettersyn:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sender Planendring for hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117, planid. 2022002 til andre gongs offentleg ettersyn. Plankart er datert den 12.01.2024. Planomtale og føresegner er datert den 20.11.2023 og illustrasjonsplan den 06.11.2023.

Grunngjevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

PS 8/2024 Søknad om dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr. 160/56 - Lamholmen på Rebnor

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan og kommuneplanen sin arealdel til bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr. 160/56 på Lamholmen på Rebnor. Vilkår er at det vert gjeve løyve til bruksendring i byggjesaka.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 19-2.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 8/2024 Søknad om dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr. 160/56 - Lamholmen på Rebnor:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 8/2024 Søknad om dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr. 160/56 - Lamholmen på Rebnor:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan og kommuneplanen sin arealdel til bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr. 160/56 på Lamholmen på Rebnor. Vilkår er at det vert gjeve løyve til bruksendring i byggjesaka.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 19-2.

PS 9/2024 Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å senda **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim Kommune** ut på offenleg ettersyn.

Grunngjevinga ligg i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 11-14.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 9/2024 Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune - Offentleg ettersyn:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) spurte om lengde på høyringstid, Asbjørn Toft sa det er seks veker.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 9/2024 Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune - Offentleg ettersyn:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å senda **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim Kommune** ut på offenleg ettersyn.

Grunngjevinga ligg i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 11-14.

PS 10/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Helsestasjon og skulehelsetenesta for Austrheim og Fedje kommunar», slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 10/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 10/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om helsestasjon- og skulehelseteneste - Austrheim kommune og Fedje kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Helsestasjon og skulehelsetenesta for Austrheim og Fedje kommunar», slik den ligg føre.

PS 11/2024 Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer endringa er meir føremålstenleg og tilrår endringar som gjort greie for i saka.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 11/2024 Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga og nye vedlegg.

- Ser på framføring av vatn til Førland, som del av ringleidningsprosjekt.
- Tar sikte på å leggja avlaup når ein legg vatn, og jobbar for å få mest mogleg til av gangveg i same prosjektet.
- Jobbar for å få stengekummer fleire stader, med digital styring.
- Per Lerøy (Ap) sa at det er fornuftige omprioriteringar å løfta vatn til Førland på prosjektlista.
- Morten Sognnes (H) ba om at ein tar møte med fylke for å få til mest mogleg ny gangveg langs fylkesveg, kommunalsjef Rosenlund svara at han har invitert seg inn til fylkeskommunen for møte om dette.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 11/2024 Endring i VA prioritering, og traséval for vass- og avlaupsledning:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer endringa er meir føremålstenleg og tilrår endringar som gjort greie for i saka.

PS 12/2024 KS - debatthefte 2024 - Rom for gode tenester - Høyringsvar frå Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren gjev uttale i tråd med svara i saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 12/2024 KS - debatthefte 2024 - Rom for gode tenester - Høyringsvar frå Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 01.02.2024 av sak 12/2024 KS - debatthefte 2024 - Rom for gode tenester - Høyringsvar frå Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren gjev uttale i tråd med svara i saksutgreiinga.

